



# Prop. 40 L

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i folketrygdlova m.m.  
(medlemskap i folketrygda for personar  
tilsette i hotell- og restaurantverksemd  
på turistskip registrerte i norsk  
internasjonalt skipsregister)



# Innhold

<b>1</b>	<b>Proposisjonens hoved-innhald .....</b>	<b>5</b>	<b>4.1.4</b>	Auka kostnadar for reiarlaga og fare for utflagging .....	11
			<b>4.1.5</b>	Behov for overgangsreglar .....	12
<b>2</b>	<b>Bakgrunn og gjeldande rett ....</b>	<b>5</b>	<b>4.2</b>	Departementets vurdering og forslag .....	13
2.1	Folkerettslege føresegner om lovval .....	5	<b>4.2.1</b>	Fremmer likestilling innanfor maritim næring .....	13
2.2	Folketrygdlova § 2-12 .....	6	<b>4.2.2</b>	Auka kostnadar for reiarlaga og fare for utflagging .....	13
<b>3</b>	<b>Om høyringa .....</b>	<b>6</b>	<b>4.2.3</b>	Behov for overgangsreglar .....	14
3.1	Innleiing .....	6	<b>4.2.4</b>	Internasjonale forpliktingar .....	15
3.2	Forslag om å oppheve folketrygdlova § 2-12 .....	6	<b>4.2.5</b>	Samla vurdering og forslag .....	15
3.3	Forslag om å justere folketrygdlova § 2-5 første ledd bokstav f .....	<b>8</b>	<b>5</b>	<b>Forslag om endringar i tilstøytande lovgiving .....</b>	16
3.4	Forslag om endringar i anna lovgiving .....	8	<b>5.1</b>	Forslaget om å justere folketrygdlova § 2-5 første ledd bokstav f .....	16
3.4.1	Endringar i lov om pensjonsordning for arbeidstakarar til sjøs.....	8	<b>5.2</b>	Forslag om endringar i anna lovgiving .....	16
3.4.2	Endringar i skipsarbeidslova .....	9			
3.5	Høyringsinstansar .....	9	<b>6</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar .....</b>	16
<b>4</b>	<b>Forslaget om å oppheve folketrygdlova § 2-12 .....</b>	<b>10</b>	<b>7</b>	<b>Merknadar til lovforslaget .....</b>	19
4.1	Høyringsinstansanes syn .....	10			
4.1.1	Innleiing .....	10			
4.1.2	Fremmer likestilling innanfor maritim næring.....	10		<b>Forslag til lov om endringar i folketrygdlova m.m. (medlemskap i folketrygdlova for personar tilsette i hotell- og restaurantverksemد på turistskip registrerte i norsk internasjonalt skipsregister) .....</b>	21
4.1.3	Forenkling av regelverk, saksbehandling og IT-løysningar.....	11			



# Prop. 40 L

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Endringar i folketrygdlova m.m. (medlemskap i folketrygda for personar tilsette i hotell- og restaurantverksemd på turistskip registrerte i norsk internasjonalt skipsregister)

*Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet 20. desember 2024,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Proposisjonens hovudinnhald

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår i denne proposisjonen endringar i lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs, lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdlova) og lov 21. juni 2013 nr. 102 om stillingsvern mv. for arbeidstakere på skip (skip arbeidslova).

Som hovedregel er alle som er busette i Noreg eller som er arbeidstakarar i Noreg, på norsk registrerte skip eller på faste eller flyttbare anlegg og innretningar på den norske kontinental sokkelen, pliktige medlemmar i folketrygda. Det same gjeld visse kategoriar norske statsborgarar som arbeider i utlandet. Andre personar kan på nærmare vilkår søke om frivillig medlemskap i trygda.

Personar som er tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i norsk internasjonalt skipsregister (heretter NIS), er i dag eksplisitt unntatt frå både pliktig og frivillig medlemskap i folketrygda, sjå folketrygdlova § 2-12. Føresegna i § 2-12 gjeld både for norske og utanlandske statsborgarar.

I proposisjonen blir det foreslått å oppheve folketrygdlova § 2-12 for å likestille personar som er tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS, med andre kategoriar arbeidstakarar på tilsvarande skip. Vidare blir det foreslått korresponderande endringar i folketrygdlova, skipsarbeidslova og lov om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs.

Proposisjonen er utarbeidd i samråd med Nærings- og fiskeridepartementet.

### 2 Bakgrunn og gjeldande rett

#### 2.1 Folkerettslege føresegner om lovval

Avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde (EØS-avtalen) trådde i kraft 1. januar 1994. EØS-avtalen får innverking på koordineringa mellom nasjonale trygdesystem i grensekryssande tilfelle innanfor EØS. Folketrygdlova, som regulerer den norske folketrygda, skal tolkast og nyttast i samsvar med prinsippa om fri rørsle og lik behandling slik dei kjem til uttrykk i EØS-avtalens hovuddel, sjå folketrygdlova § 1-3.

Endringar i folketrygdlova m.m. (medlemskap i folketrygda for personar tilsette i hotell- og restaurantverksemd på turistskip registrerte i norsk internasjonalt skipsregister)

Trygdekoordinering blir regulert i EØS-avtalen vedlegg VI, som blant anna omfattar forordning (EF) nr. 883/2004 av 29. april 2004 om koordinering av trygdeordningar (heretter trygdeforordninga) og forordning (EF) nr. 987/2009 av 16. september 2009 om reglar for gjennomføring av forordning (EF) nr. 883/2004 (heretter gjennomføringsforordninga). Desse to forordningane og dei seinare endringsforordningane er inkorporerte i folketrygdlova § 1-3 a. Etter føresegna skal folketrygdlova fråvikast i den utstrekninga det er naudsynt for å overhalde forpliktingar som følger av trygdeforordninga og gjennomføringsforordninga.

Trygdeforordninga inneheld blant anna lovalsreglar for sjøfolk. Ein person som arbeider om bord på eit skip som fører ein EØS-stat sitt flagg, skal etter trygdeforordninga som hovudregel vere underlagt lovginga til flaggstaten, jf. artikkel 11 nr. 4. Artikkel 16 i trygdeforordninga opnar likevel for at myndigheitene i EØS-statane i enkelte tilfelle kan inngå særskilde avtalar om unntak frå hovudreglane om lovval.

Noreg har òg inngått andre avtalar som får innverknad på koordineringa av trygd, sjå folketrygdlova § 1-3 b. Dette gjeld blant anna ei rekke bilaterale avtalar om trygd. Tilsvarande som trygdeforordninga, inneheld fleire av desse avtalane eigne lovalsreglar for sjøfolk, og av desse følger dei fleste det same «flaggstatsprinsippet» som i trygdeforordninga. Felles for avtalane Noreg har inngått med statar utanfor EØS, er at dei inneheld føresegner som opner for at myndigheitene i statane i enkelte tilfelle kan inngå særskilde avtalar om unntak frå avtalane hovudreglar om lovval.

## 2.2 Folketrygdlova § 2-12

At ein person har Noreg som lovvallsland etter dei folkerettslege føresegna om lovval, inneber at folketrygdlovas medlemskapsføresegner må brukast for å avgjera om vedkommande er trygdedekka, og som oftast vil det resultere i at vedkommande blir medlem i folketrygda fordi hen oppfyller vilkåra i folketrygdlova for medlemskap.

Folketrygdlova § 2-12 gir likevel unntak frå medlemskap i folketrygda for personar som er tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS. Føresegna i § 2-12 kom inn i folketrygdlova i 1994, som ei følge av EØS-avtalen. Tidlegare hadde arbeidstakarar på norskregistrerte skip vore medlemmar av folketrygda, men berre dersom dei var norske statsborgarar eller busette i Noreg. Etter den dagjeldande trygdeforordninga, rådsforordning (EØF)

nr. 1408/71 av 14. juni 1971 om anvendelse av trygdeordninger på arbeidstakere, selvstendig næringsdrivende og deres familiemedlemmer som flytter innenfor Fellesskapet, ville det, med verknad frå 1. januar 1994, innanfor EØS ikkje lenger vere høve til slik forskjellsbehandling på bakgrunn av statsborgarskap eller bustad.

Følegeleg måtte ein enten utvide verkeområdet til folketrygda til å omfatte alle EØS-borgarar på norskregistrerte skip, uavhengig av kvar dei bur, eller gjere unntak frå folketrygda og for norske borgarar og andre personar med bustad i Noreg. Førstnemnte løysning var anslått å innebere ein auke i utgifter for reiarlaga på om lag 25 prosent for dei tilsette frå andre EØS-statar. Av omsyn til reiarlaga og risikoen for utflagging, valde ein den gongen sistnemnde løyning – å endre folketrygdlova slik at det vart gjort eksplisitt unntak frå medlemskap i folketrygda for *alle* tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS.

Som følge av at det er gjort unntak frå medlemskap i folketrygda for denne kategorien arbeidstakarar, er det òg gjort unntak for dei frå pensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs, samt frå dekning etter yrkesskadeforsikringslova. Dei er likevel sikra visse trygderettar ved at reiarlaga er pålagde å sørge for at det blir stilt garanti for bestemte ytingar, jf. skipsarbeidslova § 4-7 andre ledd (sjå nærmare omtale i punkt 3.4.2).

## 3 Om høyringa

### 3.1 Innleiing

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sendte 18. august 2023 forslag til endringar i regelverket om medlemskap i folketrygdlova m.m. for personar tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS på høyring.

### 3.2 Forslag om å oppheve folketrygdlova § 2-12

Det er i dag gjort eksplisitt unntak frå både pliktig og frivillig medlemskap i folketrygda for personar som er tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip i NIS, jf. folketrygdlova § 2-12. Ved vurderinga av kva for tilsette som fell inn under formuleringa «hotell- og restaurantvirksomhet», ser Arbeids- og velferdsetaten hen til det konkrete innhaldet i stillinga. Det avgjerande er om stillinga i hovudsak er plassert om bord for å betene passasjerane.

Endringar i folketrygdlova m.m. (medlemskap i folketrygda for personar tilsette i hotell- og restaurantverksemd på turistskip registrerte i norsk internasjonalt skipsregister)

«Turistskip» er ikkje eit legaldefinert omgrep, og det er heller ikkje mogleg å registrere eit skip under denne kategorien i skipsregistera. Det følger likevel av Arbeids- og velferdsetatens etablerte praksis at «turistskip» er skip som vanlegvis frakter passasjerar mot betaling, og som ikkje går i fast rute mellom norsk og utanlandsk hamn.

Folketrygdlova § 2-12 gjeld som nemnt både for norske og utanlandske statsborgarar. I høyringa vart det derfor lagt til grunn at forslaget om å oppheve § 2-12 vil medføre at dei ordinære føresegna om medlemskap i kapittel 2 i folketrygdlova får verknad for alle personar som er tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS.

Folketrygda er ei trygdeordning som blant anna er basert på bustad, der rettane etter ordninga i prinsippet ikkje er knytt til statsborgarskap, men til om ein er busett i Noreg eller ikkje. Alle som er lovleg busette i Noreg er, som hovudregel, pliktige medlemmar i folketrygda, uavhengig av statsborgarskap. Dette er regulert i folketrygdlova § 2-1. Personar som ikkje er busette i Noreg, men som er arbeidstakare med lov til å ta inntektgivande arbeid i Noreg er, som hovudregel, òg pliktige medlemmer i folketrygda, uavhengig av statsborgarskap. Dette er regulert i folketrygdlova § 2-2.

Pliktig medlemskap i folketrygda for personar som oppheld seg utanfor Noreg, er regulert i folketrygdlova § 2-5, som for enkelte person-kategoriar inneholder krav som er knytt til statsborgarskap. Ein person som oppheld seg utanfor Noreg, er pliktig medlem i folketrygda blant anna dersom vedkommande er norsk statsborgar og arbeidstakar på eit norskregistrert skip, jf. § 2-5 første ledd bokstav f. Sidan EØS-avtalen forbyr forskjellsbehandling på grunn av nasjonalitet innanfor EØS, sjå trygdeforordninga artikkel 4, omfattar nemninga «norsk statsborger» òg borgarar frå andre EØS-statar.

Dersom folketrygdlova § 2-12 blir oppheva, må dermed ein person som er tilsett i hotell- og restaurantverksemd om bord på eit turistskip registrert i NIS, for å vere pliktig medlem i folketrygda, som utgangspunkt enten:

- vere lovleg busett i Noreg (og opphelde seg tilstrekkeleg mykje i Noreg, slik at statusen som busett etter folketrygdlova § 2-1 ikkje fell bort), eller
- vere norsk statsborgar eller statsborgar i eit anna EØS-land (dersom vedkommande oppheld seg utanfor Noreg), jf. § 2-5 første ledd bokstav f.

Det følger av trygdeforordninga artikkel 11 nr. 4 at personar som er tilsette om bord på skip som seglar under norsk flagg, som hovudregel er underlagde norsk trygdelovgjeving. Dei fleste EØS-borgarar som i dag er omfatta av folketrygdlova § 2-12, vil etter ei eventuell oppheving av føresegna i § 2-12 bli pliktige medlemmar i folketrygda etter alternativ b ovanfor, ettersom turistskip registrerte i NIS truleg i hovudsak går i utanriksfart. Etter lov 12. juni 1987 nr. 48 om norsk internasjonalt skipsregister (NIS-loven) § 4 første ledd kan ikkje skip registrerte i NIS føre last eller passasjerar mellom norske hamner eller gå i fast rute med passasjerar mellom norsk og utanlandsk hamn. Skip registrerte i NIS kan likevel gå i Noreg på vilkår som følger av lova forskrifter. For cruiseskip vil det blant anna vere lov å transportere passasjerar mellom hamner på Svalbard, eller mellom norske fastlandshamner, dersom dei er innom minst to utanlandske hamner før eller etter anløp av ei eller fleire norske hamner (internasjonal reise).

EØS-borgarar kan òg bli pliktige medlemmar etter alternativ a, forutsett at dei oppheld seg tilstrekkeleg mykje i Noreg, sjá folketrygdlova § 2-1 andre og fjerde ledd. Alle EØS-borgarar som er tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS, vil altså bli pliktige medlemmar i folketrygda ved ei eventuell lovendring, enten etter alternativ a eller etter alternativ b.

Tredjelandsborgarar kan i utgangspunktet berre bli pliktige medlemmar i folketrygda etter alternativ a. Dei må vere lovleg busette i Noreg og opphelde seg tilstrekkeleg mykje i Noreg. Tredjelandsborgarar som oppheld seg utanfor Noreg, og som ikkje er pliktige medlemmar i folketrygda, kan søke om frivillig medlemskap etter folketrygdlova § 2-8. Etter § 2-8 må det gjerast ei rimelegheitsvurdering, som må sjåast i samanheng med eit vilkår om at vedkommande har nær tilknyting til det norske samfunnet. I tillegg krevst det forutgåande medlemskap i folketrygda i tre av dei fem siste kalenderåra før søknadstidspunktet.

Det følger likevel av folketrygdlova § 1-3 b første ledd at:

«Følgende folkerettslige bestemmelser gjelder som lov:

- nordisk konvensjon om trygd av 12. juni 2012
- EFTA-konvensjonen av 4. januar 1960 artikkel 21 og tillegg 2 til vedlegg K med endringer vedtatt 21. juni 2001, 13. juli 2004, 27. november 2007 og 12. november 2015

Endringar i folketrygdlova m.m. (medlemskap i folketrygda for personar tilsette i hotell- og restaurantverksemd på turistskip registrerte i norsk internasjonalt skipsregister)

- c. artikkel 29 til 34 i avtale om ordninger mellom Island, Fyrstedømmet Liechtenstein, Kongeriket Norge og Det forente kongerike Storbritannia og Nord-Irland som følge av Det forente kongerikes utreden fra Den europeiske union, EØS-avtalen og andre avtaler som gjelder mellom Det forente kongerike og EØS/EFTA-statene i kraft av Det forente kongerikes medlemskap i Den europeiske union av 28. januar 2020
- d. EØS-avtalen vedlegg VI kapittel III (avtale mellom EU og EØS/EFTA-statene om trygdekoordinering for britiske borgere).
- e. konvensjon om trygdekoordinering mellom Island, Fyrstedømmet Liechtenstein, Kongeriket Norge og Det forente kongeriket Storbritannia og Nord-Irland av 30. juni 2023.»

Vidare følger det av folketrygdlova § 1-3 b tredje ledd at:

«Bestemmelsene som er gitt i eller i medhold av denne loven, skal fravikes i den utstrekning det er nødvendig for å overholde forpliktelser som følger av avtaler som er gjennomført i eller i medhold av paragrafen her.»

Nordisk konvensjon om trygd og EFTA-konvensjonen medfører at føresegna i trygdeforordninga skal nyttast i trygdekoordineringa mellom dei aktuelle statane. Dermed må kravet om norsk statsborgarskap vike for dei som er omfatta av desse avtalanes personelle verkeområde, jf. forordninga artikkel 4 om likebehandling. Dette gjeld blant anna borgarar frå Sveits og tredjelandsborgarar som er busette i ein nordisk stat, uavhengig av statsborgarskap.

I høyringsnotatet vurderte departementet det som urimeleg at det er gjort unntak frå medlemskap i folketrygda for ein enkelt kategori arbeidstakarar om bord på turistskip registrerte i NIS, når det ikkje er gjort unntak for andre arbeidstakarar på dei same skipa. Det vart vist til at der som folketrygdlova § 2-12 blir oppheva, vil alle norske borgarar og andre EØS-borgarar som arbeider om bord på NIS-skip bli likestilt, ved at dei vil få lik tilgang til trygdedekning. Det vart vidare understreka at forslaget ikkje vil gå ut på å innføre noko nytt, men å fjerne eit unntak, noko som vil bidra til ei klargjering og forenkling av regelverket.

Departementet foreslo på denne bakgrunn å oppheve folketrygdlova § 2-12.

### 3.3 Forslag om å justere folketrygdlova § 2-5 første ledd bokstav f

Folketrygdlova § 2-5 første ledd bokstav f innehold ei tilvising til folketrygdlova § 2-12. Det vart derfor foreslått å justere føresegna i § 2-5 første ledd bokstav f, som ein naturlig konsekvens av forslaget om å oppheve folketrygdlova § 2-12.

Departementet foreslo å fjerne tilvisinga, slik at folketrygdlova § 2-5 første ledd bokstav f vil lyde:

«norsk statsborger og arbeidstaker på et norskregistrert skip,».

### 3.4 Forslag om endringar i anna lovsgiving

#### 3.4.1 Endringar i lov om pensjonsordning for arbeidstakarar til sjøs

Maritim pensjonskasse (tidlegare omtalt som Pensjonstrygda for sjømenn) administrerer den pliktige offentlege tenestepensjonsordninga for arbeidstakarar til sjøs. Hovudregelen er at alle norske statsborgarar og personar med fast bustad i Noreg, som er tilsette som arbeidstakarar om bord på norske skip som er omfatta av ordninga, er pliktige medlemmar av pensjonskassa. Som følge av EØS-avtalen, er òg borgarar frå andre EØS-statar som er tilsette på norske skip med i pensjonskassa, dersom dei er medlemmar av folketrygda. Det same gjeld for sveitsiske statsborgarar på grunn av EFTA-konvensjonen. Vidare følger det av nordisk konvensjon om trygd at tredjelandsborgarar som er busette i ein av dei nordiske statane, òg er medlemmar, dersom dei jobbar på eit skip som er omfatta.

Skip som går inn under ordninga, er skip, fiske- og fangstfartøy, borefartøy og annan flyttbar innretning i sjøen som har eige framkomstmiddel eller utstyr for boring etter undersjøiske naturføremarker, og som er innført i eit norsk skipsregister (NOR eller NIS) med minst 100 bruttotonn.

Frå hovudregelen om medlemskap gjeld det enkelte tillegg og unntak. Eitt av unntaka følger av lov om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs § 2 nr. 2 andre ledd. Etter føresegna i § 2 nr. 2 andre ledd er det gjort unntak frå medlemskap i ordninga for personar som er tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS. Føresegna gjeld uavhengig av statsborgarskap og bustad.

Unntaket kom inn i lova i 1994, som ei følge av forslaget om å gjere unntak frå medlemskap i folketrygda for personar som er tilsette i hotell- og

Endringar i folketrygdlova m.m. (medlemskap i folketrygda for personar tilsette i hotell- og restaurantverksemd på turistskip registrerte i norsk internasjonalt skipsregister)

restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS. I høyringsnotatet vart det derfor vurdert at ein burde oppheve lov om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs § 2 nr. 2 andre ledd, som ein naturlig konsekvens av forslaget om å oppheve folketrygdlova § 2-12.

Ved ei eventuell oppheving av lov om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs § 2 nr. 2 andre ledd, vil dei aktuelle personane kunne bli pliktige medlemmar av pensjonskassa. Det vil likevel vere ein føresetnad at dei oppfyller dei andre vilkåra for medlemskap. Det blir føreset medlemskap i folketrygda. I tillegg må dei aktuelle personane arbeide på skip som er omfatta av ordninga. Da det er tale om turistskip registrerte i NIS, må det leggast til grunn at skipsvilkåret vil vere oppfylt for heile persongruppa som opphevinga gjeld.

Innrapportering til pensjonskassa er arbeidsgivars ansvar, og det vil derfor vere arbeidsgivars ansvar å sjå til at dei aktuelle personane kjem med i premieoppgåvene til pensjonskassa.

Departementet foreslo på denne bakgrunn å oppheve lov om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs § 2 nr. 2 andre ledd.

#### 3.4.2 Endringar i skipsarbeidslova

Det følger av skipsarbeidslova § 4-7 andre ledd, at reiarlaget skal sørge for at det blir stilt garanti for bestemte ytingar til arbeidstakarar som er tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS, og som er omfatta av EØS-avtalens trygdeforordning.

Nærmore krav til garantien er fastsette i forskrift av 18. februar 2005 nr. 145 om garanti for trygderettigheter for arbeidstakere på norske skip (heretter forskrift om trygderettar på norske skip). Etter forskrifta § 1 andre ledd gjeld forskriftas kapittel 3 for arbeidstakarar som er tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS. Det følger av kapittel 3 at garantien minimum skal gi:

- a. arbeidstaker som er syk eller skadet, rett til sykepleie på rederiets regning under arbeidsforholdets varighet og deretter i 16 uker samt rettigheter for øvrig i samsvar med bestemmelsene i skipsarbeidslova § 8-1
- b. arbeidstaker som er arbeidsufør, som følge av sykdom eller skade, rett til full lønn i inntil 2 måneder samt rettigheter for øvrig i samsvar med bestemmelsene i skipsarbeidslova § 4-4 andre ledd
- c. arbeidstaker som er arbeidsufør, som følge av yrkesskade, rett til en engangserstatning på inntil 18 ganger folketrygdens grunnbeløp

(heretter: G), avhengig av uførhetsgrad og beregnet etter vanlige norske regler. Hvis den ansatte dør, skal de etterlatte ha rett til en engangserstatning på 12 G samt 2 G til hvert barn under 18 år, dog maksimalt 6 G

- d. arbeidstaker som er arbeidsufør, som følge av sykdom, rett til en engangserstatning på inntil 12 G, avhengig av uførhetsgrad og beregnet etter vanlige norske regler. Hvis den ansatte dør, skal de etterlatte ha rett til en engangserstatning på 6 G samt 2 G til hvert barn under 18 år, dog maksimalt 6 G
- e. arbeidstaker med rett til sjømannsfradrag og med et sammenhengende ansettelsesforhold i rederiet utover 5 år, rettigheter når det gjelder uførhet og alderspensjon som etter folketrygdlovas bestemmelser.

Gjennom garantiordninga sikrar altså skipsarbeidslova § 4-7 andre ledd visse rettar for personar som er tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS. Bakgrunnen for føresegna i § 4-7 andre ledd er folketrygdlova § 2-12.

Ved ei eventuell oppheving av folketrygdlova § 2-12 vil det ikkje lenger vere unntak frå medlemskap i folketrygda for personar som er tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS, og det vil da heller ikkje vere behov for alternativ trygdedekning gjennom garantiordninga. Departementet vurderte derfor at ein burde oppheve skipsarbeidslova § 4-7 andre ledd med tilhøyrande føresegner i forskrift, som ein naturlig konsekvens av forslaget om å oppheve folketrygdlova § 2-12.

Det vart samtidig påpeikt at ei eventuell oppheving av skipsarbeidslova § 4-7 andre ledd ikkje vil røre ved reiarlaget si garantiplikt etter § 4-7 første ledd. Sistnemte omfattar ei garantiplikt overfor arbeidstakarar som ikkje er omfatta av norske trygdeordningar eller av EØS-avtalens trygdeforordning, og som a) arbeider om bord på skip registrert i NIS, eller b) er tilsette i teneste hos ein utanlandsk arbeidsgivar som driver næringsverksemd om bord på skip i utanrikssfart, registrert i norsk ordinært skipsregister (NOR).

Departementet foreslo på denne bakgrunnen å oppheve skipsarbeidslova § 4-7 andre ledd.

#### 3.5 Høyringsinstansar

Høyringsnotatet vart offentleggjort på departementets heimesider den 18. august 2023, slik at det var allment tilgjengeleg. Fristen for merknadar vart satt til 29. september 2023.

Endringar i folketrygdlova m.m. (medlemskap i folketrygda for personar tilsette i hotell- og restaurantverksemd på turistskip registrerte i norsk internasjonalt skipsregister)

Høyringsbrevet med vedlagt høyringsnotat vart sendt direkte til følgande høyringsinstansar:

Departementa

Arbeids- og velferdsdirektoratet

Arbeidsretten

Datatilsynet

Direktoratet for arbeidstilsynet

Diskrimineringsnemnda

Domstoladminstrasjonen

Institutt for offentleg rett (UiO)

Likestillings- og diskrimineringsombodet

Maritim pensjonskasse

Norsk Utanrikspolitisk Institutt (NUPI)

Petroleumstilsynet (no Havindustritilsynet)

Regelrådet

Regjeringsadvokaten

Riksmeklaren

Sjøfartsdirektoratet

Skattedirektoratet

Statistisk sentralbyrå (SSB)

Statsforvaltarane

Trygderetten

Stortingets ombod for kontroll med forvaltninga  
(Sivilombodet)

EFTA-sekretariatet

Advokatforeningen

Akademikerne

Arbeidsgiverforeningen Spekter

Finans Norge

Hovedorganisasjonen Virke

Hurtigruten

Juristforbundet

Kystrederiene

Landsorganisasjonen i Norge (LO)

Maskinistforbundet

Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)

NHO Sjøfart

Norsk forening for europarett

Rederiforbundet

Simployer

Sjømannsforbundet

Sjøoffisersforbundet

Unio

Viking

Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS)

Det har komme inn fjorten høyringssvar, og sju svar inneheldt realitetsmerknadar til forslaga i høyringsnotatet.

Følgande høyringsinstansar har gitt merknadar:

Arbeids- og velferdsdirektoratet

Sjøfartsdirektoratet

Hurtigruten

Kystrederiene

Norsk Sjømannsforbund og Norsk

Sjøoffiserforbund

Rettspolitisk forening

Viking

Følgande instansar har svart at dei ikkje har merknadar til forslaga i høyringsnotatet:

Justis- og beredskapsdepartementet

Klima- og miljødepartementet

Samferdselsdepartementet

Domstoladminstrasjonen

Petroleumstilsynet

Skattedirektoratet

Statistisk sentralbyrå

Høyringsinstansane sine merknadar er nærmare omtalt i punkta 4, 5 og 6. Høyringssvara kan lesast i sin heilskap på regjeringen.no.

## 4 Forslaget om å oppheve folketrygdlova § 2-12

### 4.1 Høyringsinstansanes syn

#### 4.1.1 Innleiing

Fleirtalet av høyringsinstansane som har gitt merknadar, sluttar seg til forslaget. *Viking* er imot forslaget, mens *Sjøfartsdirektoratet* og *Hurtigruten* stiller spørsmål ved om konsekvensane av forslaget er tilstrekkeleg greia ut.

#### 4.1.2 Fremmer likestilling innanfor maritim næring

*Arbeids- og velferdsdirektoratet, Kystrederiene, Rettspolitisk forening, Norsk Sjømannsforbund og Norsk Sjøoffiserforbund* er samde i departementets grunngiving om at det synast urimeleg å gjere unntak frå medlemskap i folketrygda for ein enkelt kategori arbeidstakarar på skip, når det ikkje er gjort unntak for dei andre arbeidstakarane på slike skip.

*Norsk Sjømannsforbund* og *Norsk Sjøoffiserforbund* skriv blant anna at bakgrunnen for at dei

støttar forslaget om å oppheve folketrygdlova § 2-12 er at:

«... høykompetente sjøfolk bosatt i Norge i ikke-maritime roller på turistskip registrert i norsk internasjonalt skipsregister effektivt er blitt utestengt fra å konkurrere om aktuelle jobber på lik linje med arbeidstakere fra andre land da det ikke har vært mulig for dem å være medlem i folketrygden. De har heller ikke hatt adgang til å søke frivillig medlemskap. Dette har ført til at mange av våre medlemmer har funnet det nødvendig å finne seg jobb andre steder enn på slike skip på grunn av mangelen av sikkerhetsnett som medlemskapet i folketrygden gir. Denne gruppen arbeidstakere er de eneste som er bosatt i Norge, og som ofte også er norske statsborgere, som ikke er omfattet av norsk folketrygd. Dette har mange opplevd som sterkt urimelig.»

*Kystrederiene* meiner òg at folketrygdlova § 2-12 har medført at dyktige arbeidstakarar busette i Noreg i ikkje-maritime stillingar på turistskip i NIS har blitt hindra i å konkurrere om jobbar på same vilkår som arbeidstakarar frå andre land, fordi dei ikkje har kunna bli medlemmar i folketrygda. Dei har vidare vist til at dette har ført til at den maritime næringa har mista arbeidskraft og moglege framtidige sjøfolk, ettersom dei har valt å søke andre jobbar som gir betre vilkår, som for eksempel medlemskap i folketrygda. Dei har vidare vist til at den norske maritime næringa har eit stort behov for norske sjøfolk i åra som kjem, og at dei derfor støttar forslag som gir høve for norske statsborgarar, og da særleg kvinner, til å bli betre kjende med arbeid på sjøen.

*Norsk Sjømannsforbund* og *Norsk Sjøoffiser-forbund* har òg påpeikt at arbeidstakarar i ikkje-maritime stillingar oftare er kvinner, samanlikna med arbeidstakarar i dekks- og maskinbesettninga, der sistnemnte gruppe er medlemmar av folketrygda med alle goda det inneber. Dei har i denne samanhengen vist til at det praktiske resultatet av forskjellsbehandlinga mellom dei to gruppene er blitt at høvene for å jobbe om bord på turistskip registrerte i NIS er mindre for sjøfolk, ofte kvinner, med hotell- og restaurantkompetanse. På denne bakgrunnen meiner dei at ei oppheving av folketrygdlova § 2-12 òg vil vere ein viktig komponent til den maritime likestillingsstrategien til regjeringa, ved at det vil bli fleire jobbar der mange kvinnelege kandidatar er aktuelle, samtidig som arbeidsgivarar vil få høve til å rekruttere frå større grupper av befolkninga.

*Rettspolitisk forening* har i sine merknadar uttalt at dei stiller seg bak høyringssvaret til Norsk Sjømannsforbund og Norsk Sjøoffiser-forbund.

#### 4.1.3 Forenkling av regelverk, saksbehandling og IT-løysningar

*Arbeids- og velferdsdirektoratet* har i sine merknadar vist til at forslaget om å oppheve folketrygdlova § 2-12 vil innebere ei forenkling for Arbeids- og velferdsetaten, ved at dei ved mottak av søknad om ei yting frå ein tilsett på NIS-skip i turisttrafikk, vil sleppe å undersøke kva for del av besetninga søkeren tilhørar. Dette inneber ekstra arbeid samanlikna med søknader frå personar som arbeider på andre skip. Dei viser til at den viktigaste forenklingseffekten likevel er at dei vil sleppe det ressurskrevjande arbeidet med å programmere inn unntaket for ei lita gruppe tilsette, som elles ville vært medlemmar av folketrygda, i alle nye IT-løysningar i takt med at forvaltninga av ytingar digitaliseras. Dei kan ikkje sjå at det er viktige grunnar til å behalde § 2-12, og dei sluttar seg derfor til departementets forslag.

#### 4.1.4 Auka kostnad for reiarlaga og fare for utflagging

*Sjøfartsdirektoratet* er samde med departementet om at det isolert sett vil vere positivt dersom alle kategoriar arbeidstakarar om bord på turistskip registrerte i NIS blir likestilt når det gjeld trygderettar. Sett i ein større samanheng meiner dei likevel at dette òg vil kunne ha negative konsekvensar, som det er viktig å ta i betrakting ved ei vurdering av om endringane som er foreslått bør bli gjennomført eller ikkje. Slik Sjøfartsdirektoratet ser det, er ikkje moglege negative konsekvensar av forslaget omtalt i tilstrekkeleg grad i høyningsnotatet. Dei meiner at problemstillinga som norske myndigheter sto ovanfor i forbindelse med lovendringa der føresegna i folketrygdlova § 2-12 vart tatt inn i lovverket frå 1994, var nær identisk med problemstillinga som gjeld for dagens endringsforslag.

Sjøfartsdirektoratet har referert til vurderingar frå førearbeida, som viser at auka kostnadar for reiarlaga, med påfølgande fare for utflagging, var førande for at ein i 1993 vurderte at det ikkje var eit reelt alternativ å la norsk trygdeloving få verknad på dei tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS. Dei peiker derfor på at ei gjennomføring av forslaga i høyningsnotatet vil innebere å oppheve

ei føresegn som tidlegare er blitt vurdert som den totalt sett beste løysinga. Dei skriv blant anna at:

«Den maritime næringen står for en betydelig verdiskaping, og rederiene er sentrale når det gjelder aktivitetsnivået hos den maritime industrien i Norge. Så langt Sjøfartsdirektoratet er kjent med er det fortsatt brent politisk forankret at det er viktig å hindre utflagging. Stabile og konkurransedyktige rammevilkår er avgjørende for å opprettholde NIS som et attraktivt skipsregister i et marked med sterkt internasjonal konkurranse. Enhver kostnadsokning for rederier med skip registrert i NIS innebærer derfor en fare for at berørte rederier velger å flagge ut skip. Som omtalt i høringsnotatet er det pr. i dag 18 skip i NIS med grovt anslått ca. 8000 personer ansatt i stillinger innen hotell- og restaurantvirksomhet om bord. Det er også flere cruiseskip under bygging, som er planlagt registrert i NIS. Ut fra høringsnotatet er det uklart om, og eventuelt hvordan, det er vurdert at disse skipene som følge av de foreslalte endringene kan komme til å flagge ut, og at skip som er under bygging likevel ikke registreres i NIS. Det samme gjelder risikoen for at rederier som bygger skip fremover i tid velger andre registre enn NIS.»

Sjøfartsdirektoratet meiner også at høringsnotatet er lite konkret på kva ein oppnår av rettar for dei tilsette som medlemmar av folketrygda, samanlikna med rettar dei har etter dagens garantiordning etter skipsarbeidslova § 4-7 andre ledd, og at dette er av betydning for vurderinga av rimeligheta av folketrygdlova § 2-12. Dei har vidare peikt på at dersom folketrygdlova § 2-12 blir oppheva, og skip som blir ramma av endringane flaggar ut som ein konsekvens av dette, vil skipa mest sannsynleg bli innførte i eit skipsregister utanfor EØS. Dette vil i så fall medføre at dei tilsette fell utanfor både folketrygda, reiarlagas garantiplikt etter skipsarbeidslova § 4-7 og ordninga med pliktig yrkesskadeforsikring. Sjøfartsdirektoratet skriv at dei saknar ei tydelegare vurdering og avveging av dei moglege negative konsekvensane av forslaget, særleg faren for utflagging, opp mot dei positive effektane. Dei meiner derfor at forslaget ikkje er tilstrekkeleg greia ut.

*Viking* er den einaste høringsinstansen som klart er imot regelverkssendringane som er foreslalte. Dei meiner at forslaga vil innebere auka kostnadar for reiarlag som dei, som har fleire turistskip registrerte i NIS, slik at det vil bli mindre attraktivt å tilsette arbeidstakarar frå andre

EØS-land. *Viking* peiker også på at NIS-registeret allereie har utfordringar med å konkurrere om cruiseoperatørar, og at endringane som er foreslått berre vil forsterke dette. *Viking* kan heller ikkje sjå at den aktuelle gruppa tilsette vil kunne vinne noko særleg på at forslaga i høringsnotatet blir gjennomført, da dei gjennom avtalar Viking har med norske foreiningar, allereie er sikra diverse velferdsordningar. *Viking* si oppfatning er derfor at endringane det er gjort framlegg om, forsøker å løyse eit problem som ikkje er der, og som i ytste konsekvens vil kunne tvinge reiarlag som dei til å forlate NIS. Dei skriv blant anna at:

«Adding regulations and costs will not improve a commitment to crew welfare that is already there.

If the proposed changes are implemented, the likely consequences will be less crew members from EEA and, more likely, less NIS flagged ships. Considering Viking's commitment to their crew members, Viking will not reduce number of EEA crew members which means we may be forced to leave the NIS.»

Kystrederiene noterer at medlemskap i folketrygda, og kostnadene knytt til dette, ikkje omfattar utanlandske arbeidstakarar på NIS-registrerte turistskip eller arbeidstakarar på utanlandsk registrerte turistskip. Kystrederiene viser til at det betyr høgare kostnadar for NOR-registrerte skip, som gjer det vanskeleg å konkurrera med NIS- og utanlandskregistrerte skip i norske farvatn. Det er viktig å prioritera/styrke konkurranseposisjonen til NOR-registrerte skip, og å sjå dette i samanheng med tilskotsordninga for sysselsetting av sjøfolk og innføringa av norske lønns- og arbeidsvilkår.

#### 4.1.5 Behov for overgangsreglar

*Hurtigruten* er samde med departementet i forslaget om å oppheve folketrygdlova § 2-12, men uttaler at dei finn det uklart om departementet har sett på konsekvensane for rettane til den aktuelle gruppa tilsette ved ein eventuell overgang frå garantiforplikingane etter skipsarbeidslova § 4-7 til medlemskap i folketrygda. Dei peiker blant anna på at:

«De fleste av folketrygdens ytelsar, herunder sykepenger, uføretrygd og alderspensjon forutsetter ulike perioder med forutgående trygdetid for å utløse rett til ytelsen. Ytelsene i folketrygden har videre egne beregnings-

regler. For ansatte i hotell- og restaurant på NIS skip vil den foreslår lovendringen som gir overgang fra ytelses gitt under garantiforpliktelsene i forskrift til skipsarbeidslova § 4-7 (FOR-2005-02-18-145) kap. 3 til folketrygdlovas ytelses fra ikrafttredelsestidspunktet for lovendringen risikere å stå uten rettigheter etter garantiforpliktelsene, samtidig som de ikke har opparbeidet seg nødvendig opptjeningstid som medlemmer for å oppfylle inngangsvilkårene for rett til en ytelse fra folketrygden.»

For å unngå slike uheldige og utilsikta konsekvensar av endringane som er foreslått, meiner Hurtigruten at det er behov for å få på plass overgangsreglar som gir dei tilsette, reiarlaga og Arbeids- og velferdsetaten ei klar forståing av kva for rettar som gjeld og kvar eventuelle ytingar skal kome frå. Dei ber blant anna departementet om å vurdere om opptjeningstid og medlemskapstid i høvesvis garantiordninga og folketrygda bør bli likestilt for å opne rett til ei yting frå folketrygda. Dei poengterer vidare at dersom det blir foreslått ei slik ordning, så er det viktig at departementet gjer ei vurdering av korleis berekningsgrunnlaget for eventuelle ytingar for den samanlagte perioden skal fastsetjast.

Hurtigruten har òg peikt på behovet for overgangsregler for tilfella der tilsette på ikraftsetningspunktet for ei eventuell lovendring har opptent rett til ei yting i medhald av reiarlaget si garantiplikt etter skipsarbeidslova § 4-7 andre ledd, for eksempel der:

«... en arbeidsufør ansatt etter FOR-2005-02-18-145 kap. 3 § 5 første ledd bokstav b blir syk kort tid etter ikrafttredelsestidspunktet, eller en ansatt som konstateres arbeidsufør etter ikrafttredelsestidspunktet som følge av sykdom eller yrkesskade etter bokstav c) og d).»

## 4.2 Departementets vurdering og forslag

### 4.2.1 Fremmer likestilling innanfor maritim næring

I regjeringa si likestillingsstrategi for maritim næring, som vart publisert 6. juni 2023, er det ei rekke innsatsområde, blant anna knytt til rekruttering og rollemodellar, eit arbeidsmiljø for alle, og ein tilpassa arbeidsplass. Lovforslaget bidrar inn i dette likestillingsarbeidet, ved å gi fleire tilsette på sjøen tilgang på rettar etter folketrygdlova.

Som omtalt i punkt 3.4.2, sikrar reiarlaget si garantiplikt etter skipsarbeidslova § 4-7 andre

ledd ei del trygderettar for personar som i dag er unntatt frå medlemskap i folketrygda etter folketrygdlova § 2-12. Trygderettane som blir gitt etter garantiordninga må likevel sjåast på som avgrensa, samanlikna med rettane det gis tilgang til som medlem av folketrygda. I motsetning til garantiordninga, gir folketrygda blant anna tilgang til familieytingar, som svangerskapspengar, foreldrepengar og eingongsstønad ved fødsel og adopsjon.

I den omtalte likestillingsstrategien blir livsfaseorientert personalpolitikk framheva som eit viktig tiltak for økt likestilling i maritim næring, og da særleg for arbeid på sjøen. Maritime verksamheter har generelt utfordringar med å rekruttere kvinner – og ikkje minst å behalde dei i ein livsfase der dei ønsker å etablere familie. Tilgang på familieytingar kan truleg bidra til at fleire kvinner vel arbeid på sjøen.

Folketrygda gir òg tilgang til betre rettar i forbindelse med sjukdom eller skade. Etter garantiordninga blir arbeidstakarane berre sikra rett til lønn ved sjukdom og skade i inntil 2 månader, mens folketrygda gir dei tilgang til sjukepengar i inntil 12 månader. For arbeidstakarar som ikkje er omfatta av folketrygdlova kapittel 8 om sjukepengar, og som heller ikkje tek imot ei tilsvarende yting frå ei trygdeordning i heimlandet sitt, fell dessutan retten til lønn ved sjukdom og skade heilt bort etter 16 veker frå arbeidsuførleiken oppstod, jf. skipsarbeidslova 4-4 andre ledd tredje punktum. I tillegg gir folketrygda tilgang til ei rekke andre trygdeytingar, som omsorgspengar, pleiepengar, opplæringspengar, arbeidsavklæringspengar, dagpengar ved arbeidsløyse, tilleggsstønader til arbeidsretta tiltak, stønad til hjelpemiddel, grunn- og hjelpestønad og stønad ved gravferd. Dette er ytingar som ikkje er omfatta av garantiordninga, og som medfører at ulike grupper arbeidstakarar på dei same skipa kan ha svært ulike trygderettar.

### 4.2.2 Auka kostnadar for reiarlaga og fare for utflagging

Den maritime næringa står for ei stor verdiskaping, og stabile og konkurransedyktige rammevilkår er avgjerande for å oppretthalde NIS som eit attraktivt skipsregister. Det er samtidig vel så viktig at rammevilkåra har nødvendig legitimitet og er i tråd med norske fellesskapsverdiar.

Etter departementet sitt syn vil forslaget om å oppheve folketrygdlova § 2-12 fortrinnsvis innebere ei styrking av NIS-registret sin legitimitet. Dette vil òg på sikt ha ei positiv påverking på registeret sin attraktivitet, og gjere det meir

attraktivt for sjøfolk frå Noreg og EØS å søke seg til slike stillingar. På kort sikt vil likevel auka kostnadene for reiarlaga kunne medføre ein fare for utflaging.

Departementet viser overordna til at internasjonal skipsfart er svært konkurransesett, og at NIS-registeret skal vere eit konkurransedyktig alternativ under norsk flagg. Det er blant anna tilgang til å tilsette utanlandske sjøfolk på heimlandets vilkår, slik at det er mogleg å konkurrera i ein internasjonal marknad. Ein annan viktig dimensjon er Sjøfartsdirektoratet si rolle som sterke og kompetente flaggadministrasjon og NIS-registeret si anerkjening som eit kvalitetsregister. Det er av stor betydning at det blir stilt høge krav til skipstryggleik og sjøfolk sine rettar, og at det i denne samanhengen ikkje finn stad forskjellsbehandling av arbeidstakarar om bord med omsyn til trygderettar.

Departementet er merksam på at utvida trygderettar for hotell- og restauranttilsette vil kunne bety auka kostnadene for arbeidsgivarar og/eller reiarlaga, i form av at dei må betale arbeidsgivaravgift òg for denne gruppa tilsette. Det blir samtidig gjort merksam på at dei allereie i dag betalar arbeidsgivaravgift for andre kategoriar sjøfolk på dei same skipa.

Ein konsekvens av kostnadsaukar kan vere at reiarlag vel å registrera skipa i eit anna register, der dei slepp å betale sosiale avgifter for sjøfolk, eller der dei kan betale ein lågare avgift. Følgeleg kan det medføre fare for utflaggingar frå NIS-registeret, færre innflaggingar, eller at planlagde innflaggingar ikkje blir gjennomførte. Ei anna mogelegheit er at reiarlaga tilpasser drifta av skip med omsyn til talet på norske/EØS-borgarar som er tilsette, kontra tredjelandsborgarar.

Denne typen kostnadsulemper for norskregistrerte skip vil likevel til dels kunne bli jamna ut gjennom tilskotsordninga for sysselsetting av arbeidstakarar til sjøs. Tilskot blir basert på norsk forskottstrekk av skatt, trygdeavgift og arbeidsgivaravgift. Ordninga er nærmare omtalt under punkt 6.

Reiarlaga har òg allereie i dag kostnadene forbundet med garantiplikta som følger av skipsarbeidslova § 4-7, og som sikrar arbeidstakarane som er tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS rettar som følger av forskrift om trygderettar på norske skip. Etter forskriften § 5 skal reiarlaget stille garanti for ein rekke trygderettar for den kategorien arbeidstakarar som er omfatta av forslaget, inkludert rettar kva gjeld uførleik og alderspensjon som etter føresegna i folketrygdlova. Dersom garanti ikkje føreligg, svarar reiarlaget for desse ytingane,

jf. forskriften § 6. Lovforslaget inneber derfor at reiarlagets kostnadene etter skipsarbeidslova § 4-7 andre ledd og forskrift om trygderettar på norske skip fell bort.

For arbeidstakarar som blir omfatta av folketrygdlova, vil lovforslaget òg innebere at dei økonometiske pliktane som reiarlag og arbeidsgivarar har etter skipsarbeidslova §§ 4-4 og 8-1 fell bort, i den utstrekning sjukepengar m.m. blir dekkja gjennom folketrygda. Lovforslaget inneber dermed at reiarlagas kostnadene etter skipsarbeidslova § 4-4, § 4-7 andre ledd og § 8-1, inkludert forskriften om trygderettar på norske skip § 5, blir «overtekne» helt eller delvis av folketrygda, mot at arbeidsgivar betaler arbeidsgivaravgift.

Departementet har ikkje kjennskap til dei konkrete garantikostnadene for reiarlaga, men legg til grunn at desse vil vere lågare enn ei framtidig arbeidsgivaravgift, da dei dekker færre trygderettar enn folketrygda. Sjå punkt 4.2.1 for ein nærmare omtale av rettane dei aktuelle tilsette får tilgang til som medlemmar av folketrygda, samanlikna med dagens garantiordning etter skipsarbeidslova § 4-7 andre ledd. Den auka kostnaden for reiarlaga vil dermed i hovudsak reflektere utvidinga i trygderettar for dei aktuelle arbeidstakarane.

#### 4.2.3 Behov for overgangsreglar

Departementet er samde med *Hurtigruten* i at det truleg er behov for enkelte overgangsreglar når lova trer i kraft. Som Hurtigruten viser til, forsett dei fleste av folketrygdas ytingar ulike periodar med føregåande opptening som medlemmar i folketrygda for å utløyse ein rett til ytinga. Ytingane har òg eigne berekningsreglar.

Utan overgangsregler, vil ein overgang fra garantiordninga til folketrygda kunne medføre at tilsette ikkje lenger er omfatta av rettane etter garantiordninga, samtidig som dei heller ikkje har vore medlemmar av folketrygda lenge nok til å oppfylle vilkåra for ei yting. For eksempel må ein som hovudregel ha vore medlem dei siste fem åra før uføretidspunktet for å få rett til uføretrygd frå folketrygda. For dei som har jobba mindre enn fem år samanhengande i reiarlaget på tidspunktet for ei eventuell lovendring, og som fortset å jobbe i same reiarlag utover fem år, vil ein overgang òg medføre tap av oppsett alderspensjon frå garantiordninga. Dette er fordi garantiordninga gir pensjonsopptening frå første dag ein er tilsett i reiarlaget, men slik at retten til pensjon etter ordninga ikkje gjeld før den tilsette har vore samanhengande tilsett i reiarlaget i minst fem år.

For å unngå slike utilsikta konsekvensar ved ei eventuell overgang frå garantiordninga til folketrygda, vil det vere nødvendig med enkelte overgangsreglar.

Formålet med slike overgangsreglar, vil vere å sørge for at dei som i dag er omfatta av garantiordninga, i overgangsperioden etter ein overgang til folketrygda skal bli sikra om lag tilsvarande rettar som etter ordninga. Sett opp mot krava til kva garantiordninga minimum skal gi dei tilsette, vurderer departementet foreløpig at det er nødvendig med overgangsreglar knytt til arbeidsavklăringspengar, uføretrygd, ytingar til gjenlevande ektefelle, barnepensjon og alderspensjon. Dette er livsopphaldsytingar som ein må ha ei viss forutgående opptening i folketrygda for å få rett til, mens det til samanlikning føreligg yrkeskadedekning og rett til helsetenester allereie frå første dag som medlem.

Sjukepengar er ei trygdeyting det òg blir stilt ein avgrensa garanti for etter garantiordninga, og som det etter folketrygdlova er krav om ei viss forutgående opptening i trygda for å kunne få rett til. Folketrygdlova § 8-44 har særreglar for medlemmar som er arbeidstakrar på norske skip i utanriksfart. Føresegna inneheld blant anna unntak frå kravet i § 8-2 om oppteningstid for rett til sjukepengar. Ei oppheving av folketrygdlova § 2-12 gjer at særreglane i folketrygdlova § 8-44 kan anvendast for nye medlemmar. Departementet vurderer derfor foreløpig at det ikkje er nødvendig med overgangsreglar knytt til sjukepengar, sjølv om retten til full lønn ved sjukdom etter garantien fell bort.

For dei tilsette som på ikraftsetjingstidspunktet for ei eventuell lovendring allereie har ein utløyst rett til ei trygdeyting etter garantiordninga, eller som har oppsette trygderettar etter garantiordninga, vil moglege overgangsreglar kunne innebere dobbeltdekning av ytingar. Departementet vurderer derfor at det ved utarbeiding av eventuelle overgangsreglar òg må vurderast om det er behov for samordningsreglar.

Departementet vil greie ut spørsmåla knytt til behovet for overgangsreglar, og tek sikte på å gi nærmare overgangsreglar i forskrift, med heimel i folketrygdlova § 25-15.

#### 4.2.4 Internasjonale forpliktingar

Noreg har som nemnt under punkta 2 og 3 inngått eller slutta seg til ei rekkje internasjonale avtalar som får betydning på trygdeområdet. Dei viktigaste forpliktingane følger av EØS-avtalen, med tilhøyrande sekundærlovgiving, sjå særleg trygdeforordninga. Av andre forpliktingar kan nemnes EFTA-

konvensjonen, nordisk konvensjon om trygd, bilaterale trygdeavtalar og ei rekkje multilaterale konvensjonar innanfor rammene av ILO, Europarådet og FN, som fastset generelle eller spesielle minstestandardar for nasjonale trygdeordningar.

Ingen av dei ovannemnte internasjonale avtalane pålegg Noreg plikt til å gjere unntak frå medlemskap i folketrygda for tilsette i hotell- og restaurantverksemd på skip. Forslaga i proposisjonen her er følgeleg ikkje i konflikt med Noregs internasjonale forpliktingar.

#### 4.2.5 Samla vurdering og forslag

Departementet vurderer det framleis som urimeleg at det er unntak frå medlemskap i folketrygda for ein enkelt kategori arbeidstakrar om bord på turistskip registrerte i NIS. Dersom folketrygdlova § 2-12 blir oppheva, vil alle norske og EØS-borgarar som arbeidar om bord på NIS-skip bli likestilte, ved at dei vil få lik tilgang til trygderettar frå folketrygda.

Samtidig som dei tilsette vil få lik tilgang til trygderettar, vil reiarlaga kunne få auka kostnadar. Dei vil måtte betale arbeidsgivaravgift for tilsette som blir medlemmar av folketrygda, på lik linje med andre norske arbeidsgivarar. Lovforslaget inneber samtidig at garantikostnadane reiarlaga har for dei same tilsette i dag, blir «overteke» av folketrygda, sjå punkt 4.2.2.

Departementet er merksam på at utvida kostnadar knytt til arbeidsgivaravgift kan få konsekvensar for reiarlagas organisering av verksemd og val av skipsregister. Dersom reiarlaga ikkje ønsker å betale sosiale avgifter for å sikre sine tilsette tilgang til trygderettar i folketrygda, kan dei velje å registrere skipa sine i eit anna skipsregister. Dersom reiarlaga flaggar ut av NIS, vil dei tilsette verken få tilgang til rettar frå folketrygda eller være omfatta av skipsarbeidslovas garantiplikt. Begge desse vala vil kunne medføre dårlegare trygdedekning for dei tilsette. Reiarlaga står likevel fritt til å sikre dei tilsette trygderettar gjennom eigne avtalar.

Departementet meiner at alle norske og EØS-borgarar som arbeider om bord på NIS-skip bør vere sikra lik tilgang til rettar frå folketrygda. Lovforslaget vil òg bidra til å fremme likestilling innanfor maritim næring, blant dei som allereie arbeider på dei aktuelle skipa, men òg med tanke på å rekruttere og behalde kvinner i næringa i tida framover. Departementet viser i denne samanhengen særleg til at folketrygda, i motsetning til dagens garantiordning, blant anna sikrar dei tilsette tilgang til familieytingar, sjå punkt 4.2.1.

Departementet meiner at lovforslaget òg vil bidra til å styrke legitimiteten til det norske flagget, ved at det vil medføre at rammevilkåra for dei tilsette om bord på NIS-skip blir meir i tråd med norske fellesskapsverdiar. Gode trygderettar til sjøfolk vil òg i seg sjølv gjere det meir attraktivt å jobbe på norske skip.

Departementet er merksam på at problemstillinga som norske myndigheter sto ovanfor i 1993, i forbindelse med at føresegna i folketrygdlova § 2-12 vart tatt inn i lovverket, i stor grad var den same som for dagens endringsforslag. Den gongen vurderte ein at den beste løysinga var å gjere unntak frå medlemskap i folketrygda for den aktuelle gruppa arbeidstakarar, av omsyn til reiarlagas kostnadars. Samtidig har det nå gått 30 år, og på desse åra har det blitt stadig meir fokus på likestilling og mangfold innanfor maritim næring, som i samfunnet elles. Departementet visar til at Stortinget seinast i 2021 fatta eit einstemmig vedtak om å utarbeide ein likestillingsstrategi for den maritime næringa, som vart publisert 6. juni 2023. Strategien følger opp Stortingets oppmoding, og regjeringas mål i Hurdalsplattforma, om å auke mangfaldet i arbeidslivet og betre representasjonen i kjønns-skeive bransjar, slik som den maritime næringa.

Departementet meiner derfor at det er gode grunnar for å gjere ei anna avveging i dag, og at lovforslaget vil være eit viktig bidrag inn i arbeidet med dei nemnte målsettingane.

Forslaget vil dessutan ikkje gå ut på å innføre noko nytt, men å fjerne eit unntak, noko som vil bidra til ei klargjering og forenkling av regelverket.

Etter ei samla vurdering av dei motstridande omsyna lovforslaget reiser, er det departementet sitt syn at omsynet til likebehandling av alle norske borgarar og EØS-borgarar som arbeider om bord på NIS-registrerte skip må vege tyngre enn omsynet til auka kostnadars for reiarlaga og faren for utflagging.

Departementet foreslår dermed at forslaget i høyringa blir følt opp, slik at folketrygdlova § 2-12 blir oppheva.

Sjå meir under punkt 3.2 ovanfor og lovforslaget, folketrygdlova § 2-12.

## 5 Forslag om endringar i tilstøytande lovgiving

### 5.1 Forslaget om å justere folketrygdlova § 2-5 første ledd bokstav f

Kystrederiene, Norsk Sjømannsforbund og Norsk sjøoffiserforbund har i sine merknadar uttalt at dei

støtter departementets forslag om å fjerne tilvisinga i folketrygdlova § 2-5 første ledd bokstav f til § 2-12, som ein konsekvens av forslaget om å oppheve § 2-12. Elles har ingen av høyningsinstansane hatt merknadar til forslaget.

Departementet foreslår at forslaget i høyringa blir følt opp.

Sjå meir under punkt 3.3 ovanfor og lovforslaget, folketrygdlova § 2-5 første ledd bokstav f.

### 5.2 Forslag om endringar i anna lovgiving

Ingen av høyningsinstansane har hatt merknadar til forslaga om å oppheve lov om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs § 2 nr. 2 andre ledd og skipsarbeidslova § 4-7 andre ledd.

Departementet foreslår at forslaga i høyringa blir følt opp.

Sjå meir under punkt 3.4 ovanfor og lovforsлага, lov om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs § 2 nr. 2 andre ledd og skipsarbeidslova § 4-7 andre ledd.

## 6 Økonomiske og administrative konsekvensar

### Innleiing

Arbeids- og velferdsdirektoratet har ikkje oversikt over kor mange som vil bli påverka av forslaget, da denne persongruppa ikkje er medlemmar i folketrygda i dag, og følgeleg ikkje har rett til ytingar eller tenester frå Arbeids- og velferdsetaten.

Sjøfartsdirektoratet har opplyst at det er fleire skip i NIS som kan kategoriserast som «turistskip», med referanse til at dette er passasjerskip som frakter passasjerar, men ikkje i fast rutetilbod over lengre tid.

Det er i hovudsak Hurtigruten og Viking som har skip i denne kategorien per i dag. I april 2024 var det 18 slike passasjerskip registrerte i NIS. I tillegg er det passasjerskip under bygging, som er planlagt registrert i NIS. *Viking* har i høyringa opplyst om at dei for tida har elleve aktive cruise-skip og ytterlegare seks under konstruksjon. Ifølge Sjøfartsdirektoratet er ikkje reiarlag pålagde å innrapportere tal på tilsette eller informasjon om samansetninga av mannskapet. Sjøfartsdirektoratet kan derfor ikkje gi sikre tall på kor mange personar som inngår i hotell- og restaurandelen om bord i NIS-registrerte passasjerskip, eller si noko om mannskapets fordeling med omsyn til statsborgarskap og bustadsland, og av desse, tal på tredjelandsborgarar

Endringar i folketrygdlova m.m. (medlemskap i folketrygda for personar tilsette i hotell- og restaurantverksemd på turistskip registrerte i norsk internasjonalt skipsregister)

kontra EØS-borgarar. *Sjøfartsdirektoratet* har likevel i sitt høyringssvar påpekt at majoriteten av tilsette på cruiseskip har stillingar innan hotell- og restaurantverksemd.

Eit grovt anslag tilseier at hotell- og restaurantbesetningen på dei aktuelle skipa utgjer om lag 4000 stillingar. Det blir lagt til grunn at ei stilling på grunn av rotasjonsordningar som oftast vil dekkes av to sjøfolk, noko som tilseier at det totale talet personar i den aktuelle gruppa, er om lag 8000. Dette er svært usikre estimat. Det føreligg elles ingen haldepunkt for å seie noko om kor mange av desse om lag 8000 personane som vil oppfylla vilkåra for å bli pliktige medlemmar i folketrygda m.m. etter lovendringane som departementet foreslår. Det blir likevel antatt at hovudandelen av denne persongruppa er frå statar utanfor EØS, slik at dei ikkje vil bli medlemmar i folketrygda.

#### *Konsekvensar for Arbeids- og velferdsetaten og folketrygda*

Dersom folketrygdlova § 2-12 blir oppheva, vil nokon fleire personar kunne bli medlemmar i folketrygda. Medlemskap i folketrygda utløyser likevel ikkje berre rettar for medlemmane, men òg pliktar. Blant anna plikt for arbeidstakaren til å betale trygdeavgift og plikt for arbeidsgivaren til å betale arbeidsgivaravgift. I tillegg til trygdeavgift og arbeidsgivaravgift, blir folketrygda finansiert ved tilskott frå staten. Etter skattelova § 2-3 første ledd bokstav h nr. 3, gjeld det ikkje skatteplikt til Noreg for personar som er busette utanfor Norden og som er tilsette om bord på skip registrerte i NIS. For dei tilsette som er busette innanfor Norden, gjeld det derimot ei skatteplikt. Forslaget vil truleg ikkje medføre nokon vesentlege økonomiske konsekvensar for folketrygda.

Sjølv om det vil kunne bli nokon fleire medlemmar i folketrygda, vil lovendringa, som nemnt i punkt 4.1.3, bidra til å forenkle Arbeids- og velferdsetatens saksbehandling, blant anna ved at det ikkje lenger vil vere nødvendig å kontrollere kva slags arbeidsoppgåver dei tilsette om bord på turistskip registrerte i NIS utfører. I sum legg ein derfor til grunn at forslaget ikkje vil innebere nemneverdig meirarbeid for etaten, ut over justeringar i rundskriv m.m. Dette vil handterast innanfor Arbeids- og velferdsetatens eksisterande rammer. Forslaget vil heller ikkje medføre behov for IKT-endringar av betydning.

Departementet vil likevel gjere oppmerksam på at eventuelle overgangsregler, over ein periode, vil kunne medføre noko meirarbeid og økonomiske konsekvensar for Arbeids- og

velferdsetaten. Som nemnt i punkt 4.2.3, vil departementet greie ut spørsmåla knytt til behovet for overgangsreglar.

#### *Konsekvensar for Maritim pensjonskasse*

Departementet legg til grunn at dei administrative konsekvensane ved ein eventuell oppheving av lov om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs § 2 nr. 2 andre ledd, ikkje vil være særleg store for Maritim pensjonskasse. IT-systema vil heller ikkje ha behov for vesentlege endringar. Det er arbeidsgivar som skal innrapportere premieoppgåver til Maritim pensjonskasse, og nye tilsette som blir rapportert, vil få oppretta medlemskap i ordninga frå første innrapportering. Denne opprettinga skjer automatisk.

Dei økonomiske konsekvensane for ordninga vil avhenge av kor mange personar det blir innrapportert på. Fleire medlemmar gir auka inntekter til pensjonskassa, men òg auka utgifter når dei aktuelle medlemmane skal ta ut pensjonen sin.

Kostnadane vil avhenge av kven som blir innrapporterte. Dersom det er tale om tidlegare medlemmar underlagt fartstidsbasert ordning, og som ligg nært opp til grensa for tildeling av pensjonsrettar, vil kostnadane kunne auke. Det blir likevel lagt til grunn at det stort sett vil vere tale om nye medlemmar, som vil bli innrapporterte på den inntektsbaserte ordninga etter kapittel 10 i lova. Den inntektsbaserte ordninga er tidlegare berekna til å vere kostnadsnøytral.

#### *Konsekvensar for reiarlaga*

Departementet legg til grunn at forslaget vil kunne ha økonomiske konsekvensar for dei aktuelle reiarlaga. Det er likevel utfordrande å gi anslag for dette, da det ikkje eksisterer oversikt over tal på arbeidstakarar og fordelinga med omsyn til statsborgarskap og bustadsland. *Viking* har likevel i sitt høyringssvar gitt eit foreløpig estimat på kva lovendringane som er foreslått, vil medføre i auka kostnadar for Viking per år. Dei skriv blant anna:

«The proposed changes will increase the cost of having EEA crew members. Ship owners with NIS flagged ships will see their cost rise. Our preliminary estimate is the proposed changes will add a minimum NOK 10,000,000 to our budget annually.»

Ved ei oppheving av folketrygdlova § 2-12, vil det vere dei andre føresegna i lova og dei internasjo-

nale forpliktingane med omsyn til trygdekoordinering, som regulerer i kva grad arbeidstakarane er pliktige medlemmar i folketrygda. Sidan dette medfører at EØS-borgarar i utgangspunktet er pliktige medlemmar av folketrygda, sjå § 2-5 første ledd bokstav f, jf. § 2-1 a, mens tredjelandsborgarar ikkje er det, vil dette kunne leie til at reiarlag førettek tilpassingar med omsyn til tilsettingar. Dette vil kunne føre til ein auke av delen tredjelandsborgarar, dersom norske borgarar og borgarar frå andre EØS-statar blir dyrare for reiarlaget. Dette er noko *Viking* har peikt på i sitt høyringssvar:

«Your proposed changes will increase the cost of having EEA crew members or it will incentivize ship owners to replace EEA crew with non-EEA crew. The proposal will have the unintended consequence of making crew members of EEA nationalities less attractive for hire. The proposal will place them at a disadvantage versus prospective crew members of non-EEA nationalities when applying for the same positions.»

Det føreligg som nemnt ikkje nokon oversikt over kor mange av dei nåverande arbeidstakarane som er tredjelandsborgarar. Det er mogleg at delen tredjelandsborgarar allereie er høg. Det er ikkje foreslått å oppheve reiarlaget si garantiplikt etter skipsarbeidslova § 4-7 første ledd, slik at rekruttering frå tredjeland òg vil medføre kostnadar for reiarlaga.

Vidare vil kostnadsaukar for reiarlag kunne medføre utflaggingar frå NIS, noko *Viking* omtaler som ein mogleg konsekvens i sitt høyringsinnspel, eller at skip ikkje blir flagga inn til NIS. Sjå punkt 4.2.2.

*Hurtigruten* har i sitt høyringssvar gjort merksam på at departementet i høyringsnotatet berre har vist til konsekvensar for reiarlaga, og at dei antar at departementet i denne samanhengen forutsett at reiarlag og arbeidsgivar er same eining. Dersom dette ikkje er tilfelle, har dei oppmoda om at departementet klargjer forskjellane mellom ansvaret til høvesvis reiarlaget og arbeidsgivar, og om tilsvarande konsekvensar av lovendringa vil vere tilfelle der arbeidsgivar og reiarlag ikkje er same eining.

Ved ei oppheving av skipsarbeidslova § 4-7 andre ledd fell reiarlaget si garantiplikt bort. Dette inneber at reiarlaget sine garantikostnadar for denne gruppa arbeidstakarar fell bort, inkludert plikten til å svare for trygdeytingar dersom garanti ikkje føreligg. Endringa i folketrygdlova

vil samtidig medføre ei plikt for arbeidsgivar til å betale arbeidsgivaravgift for tidlegare unntatte arbeidstakarar.

Om arbeidsgivar og reiarlag ikkje er same rettssubjekt, vil lovforslaget kunne innebere ulike økonomiske konsekvensar for dei forskjellige rettssubjekta. Departementet legg likevel til grunn at eventuelle konsekvensar for arbeidsgivar, i form av auka økonomiske forpliktingar knytt til arbeidsgivaravgift, truleg vil bli overførte til reiarlaget av arbeidsgivar.

Samtidig blir det gjort merksam på at skipsarbeidslova §§ 4-4 og 8-1 ikkje blir foreslått endra. For arbeidstakarane som er omfatta av dette forslaget, gir § 4-4 rett til lønn i inntil 16 veker dersom arbeidstakaren blir arbeidsufør som følge av sjukdom eller skade så lenge arbeidsforholdet består. Arbeidsgivar har hovudansvaret, men reiarlaget er solidarisk ansvarleg. Den økonomiske plikta fell likevel bort i den utstrekning arbeidstakaren har rett til sjukepengar etter folketrygdlova. Lovforslaget medfører derfor at det kan bli gjort fradrag for kostnadar som blir «overtekne» av folketrygda for dei arbeidstakarane som blir medlemmar av folketrygda. Etter § 8-1 skal reiarlaget sørge for forsvarleg sjukepleie dersom arbeidstakaren blir sjuk eller kjem til skade i inntil 16 veker etter fråtreding, med mindre arbeidstakaren er medlem i folketrygda eller trygdedekka i ei tilsvarande offentleg trygdeordning i heimlandet sitt, som overtek forpleiingsplikta. Lovforslaget medfører derfor at kostnadane reiarlaget har etter § 8-1 fell bort i den utstrekning folketrygda overtek forpleiingsplikta.

#### Konsekvensar for tilskotsordninga for sysselsetting av sjøfolk

Medlemskap i folketrygda utløyser ei plikt for arbeidstakaren til å betale trygdeavgift og ei plikt for arbeidsgivaren til å betale arbeidsgivaravgift. I tilskotsordninga for sysselsetting av arbeidstakarar til sjøs, kan reiarlaga i neste omgang søke tilskott basert på norsk forskotstrekk av skatt, trygdeavgift og arbeidsgivaravgift. Norsk forskotstrekk av skatt, trygdeavgift og arbeidsgivaravgift kan vidare refunderast uavhengig av kvarandre.

For passasjerskip i NIS er tilskotsbeløpet avgrensa til 26 prosent av innbetalingane, jf. forskrift av 26. februar 2016 nr. 205 om tilskudd til sysselsetting av arbeidstakere til sjøs § 13. Departementet anslår på usikkert grunnlag at lovforslaget kan medføre auka utbetalinger frå tilskotsordninga for mellom 100 og 300 personar. Dette kan innebere auka kostnadar på om lag 3 til 10 millionar kroner.

Endringar i folketrygdlova m.m. (medlemskap i folketrygda for personar tilsette i hotell- og restaurantverksemd på turistskip registrerte i norsk internasjonalt skipsregister)

### Konsekvensar for Sjøfartsdirektoratet

Om lovforstaget medfører at cruiseskip blir flagga ut av NIS eller at nye cruiseskip ikkje blir flagga inn til NIS, vil dette kunne ha økonomiske konsekvensar for Sjøfartsdirektoratet. For cruiseskip registrerte i NIS er det eit årsgebyr, og direktoratet oppgir at utflagging vil kunne medføre eit inntektstap i storleiksordenen 13–17 mill. kroner årleg. Direktoratet oppgir òg at dersom forventa innflaggingar likevel ikkje blir flagga inn vil dette kunne medføre eit inntektstap knytt til førstegangsgebyr i storleiksordenen 25–30 mill. kroner dei neste åra. Konsekvensar for Sjøfartsdirektoratet sine gebyrinntekter vil være avhengige av om reiarlag vel å flagge ut eksisterande skip eller vel ikkje å flagge inn nye skip. Så langt har *Viking* i sitt høyringsinnspeil omtalt utflagging som ein mogleg konsekvens av lovforstaget, mens *Hurtigruten* ikkje har omtalt dette som aktuelt.

### Konsekvensar for tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS

Departementet sitt forslag inneber ei likestilling av personar som er tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS, med andre kategoriar arbeidstakarar på desse skipa.

Forslaget vil som nemnt føre til at nokon fleire tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS vil kunne bli medlemmar i folketrygda. EØS-avtalen, nordisk konvensjon om trygd og EFTA-konvensjonen leder alle til at trygdeforordninga artikkel 11 nr. 4 om lovval for personar som arbeider på skip og artikkel 4 om likebehandling, skal nyttast. Dermed vil personar som er omfatta av det personale verkeområde i desse avtalane kunne bli medlemmar i folketrygda.

Dei nye medlemmane vil bli pliktige til å betale trygdeavgift, men dei vil til gjengjeld få tilgang til trygderettar frå folketrygda, som omfattar langt meir enn garantiordninga etter skipsarbeidslova § 4-7 andre ledd. Sjå nærmare omtale av dette under punkt 4.2.1.

Som nemnt i punkt 4.2.3, vurderer departementet at det truleg er behov for enkelte overgangsreglar. Utan overgangsreglar, vil ein overgang frå garantiordninga til folketrygda kunne medføre at tilsette som har vore omfatta av folketrygdlova § 2-12, over ein periode vil stå utan trygderettar som dei elles ville hatt etter garantiordninga, fordi dei ikkje har opparbeida seg nød-

vendig opptringing som medlemmar i folketrygda for å oppfylle vilkåra for rett til ei yting.

Dei som ikkje fyller vilkåra for medlemskap i folketrygda, vil framleis ha dekning for bestemte trygderettar i medhald av reiarlaget si garantiplikt etter § 4-7 første ledd.

Forslaget fører òg til at nokon fleire tilsette i hotell- og restaurantverksemd om bord på turistskip registrerte i NIS vil kunne bli omfatta av Maritim pensjonskasse.

## 7 Merknadar til lovforstaget

---

Endringane i lov om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs

### Til § 2 nr. 2

Bakgrunnen for føresegna i lov om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs § 2 nr. 2, er folketrygdlova § 2-12. Som ein konsekvens av at folketrygdlova § 2-12 blir foreslått oppheva, blir òg lov om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs § 2 nr. 2 andre ledd foreslått oppheva. Noverande § 2 nr. 2 tredje ledd blir andre ledd.

Sjå nærmare omtale i punkt 3.4.1.

Endringane i lov om folketrygd

### Til § 2-5

Folketrygdlova § 2-5 første ledd bokstav f innehold ei tilvising til § 2-12. Som ein konsekvens av at § 2-12 blir foreslått oppheva, blir òg denne tilvisinga foreslått tatt ut.

Sjå nærmare omtale i punkt 3.3.

### Til § 2-12

Lov om folketrygd § 2-12 blir oppheva.

Sjå nærmare omtale i punkt 3.2.

Endringa i lov om stillingsvern mv. for arbeidstakere på skip

### Til § 4-7

Bakgrunnen for føresegna i lov om stillingsvern mv. for arbeidstakere på skip § 4-7 andre ledd, er folketrygdlova § 2-12. Som ein konsekvens av at folketrygdlova § 2-12 blir foreslått oppheva, blir òg lov om stillingsvern mv. for arbeidstakere på skip § 4-7 andre ledd foreslått oppheva. Noverande § 4-7 tredje til sjette ledd blir andre til femte ledd.

Sjå nærmare omtale i punkt 3.4.2.

Endringar i folketrygdlova m.m. (medlemskap i folketrygda for personar tilsette i hotell- og restaurantverksemd på turistskip registrerte i norsk internasjonalt skipsregister)

*I kraftsetjing*

Departementet foreslår at lova skal gjelde frå den tida Kongen fastset.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i folketrygdlova m.m. (medlemskap i folketrygda for personar tilsette i hotell- og restaurantverksemd på turistskip registrerte i norsk internasjonalt skipsregister).

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i folketrygdlova m.m. (medlemskap i folketrygda for personar tilsett i hotell- og restaurantverksemd på turistskip registrerte i norsk internasjonalt skipsregister) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### **til lov om endringar i folketrygdlova m.m. (medlemskap i folketrygda for personar tilsette i hotell- og restaurantverksemd på turistskip registrerte i norsk internasjonalt skipsregister)**

#### I

I lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonsordning for arbeidstakere til sjøs blir § 2 nr. 2 andre ledd oppheva.

Noverande § 2 nr. 2 tredje ledd blir andre ledd.

#### II

I lov av 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd blir det gjort følgande endringar:

§ 2-5 første ledd bokstav f skal lyde:

f. norsk statsborger og arbeidstaker på et norsk-registrert *skip*,

§ 2-12 blir oppheva.

#### III

I lov 21. juni 2013 nr. 102 om stillingsvern mv. for arbeidstakere på skip blir § 4-7 andre ledd oppheva.

Noverande § 4-7 tredje til sjette ledd blir andre til femte ledd.

#### IV

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.









Trykksak  
2041 0446